

# Eurorakettane

## Utplassering i Europa og fredsbevegelsens oppgaver

*Første fase i striden om mellomdistanserakettar i Europa er avgjort. Dei første amerikanske rakettane er kome til Europa og blir i desse dagar gjorde operative. Der står dei, mot ei massiv folkemeining, mot all militær fornuft, stikk i strid med all rimeleg politisk tanke. Dei står der for å berge regjeringars prestisje. Og dei står der først og fremst som uttrykk for rustningskompleksa si makt og sin irrasjonalitet.*

Men den nye fredsørsla står der òg. Den er komen for å bli, og vi ikkje. Arbeidet for atomnedrusting i Europa held fram, og striden om euro-strategiske våpen i Aust og Vest er neppe avgjort fordi om dei første amerikanske rakettane er på plass. Fredsrørsla vil aldri godta kryssarvåpna og Pershing II, like lite som den vil godta Sovjets SS-20. Fredsrørsla har også i lengre tid førebudd nye prosjekt og oppgåver. Rørsla har berre tatt dei aller første steg. Lange ligg vegane og ventar.

### *Forhandlingar med utplassering som mål*

**L**enge før «dobbelvedtaket» vart fatta, 12. desember 1979, arbeidde sterke amerikanske krefter for at nye kjernefysiske mellomdistanserakettar skulle utplasserast i Europa. Så sterke var desse kreftene at dei måtte dekke seg bak ein påstand om at det var europearane som opphavleg bad om nye mellomdistansevåpen — gjennom forbundskanslar Schmidts tale i London ved Det Internasjonale Institutt for Strategiske Studiar 28. oktober 1977. Men initiativet var amerikansk og det kom før 1977. Allereie i 1976 hadde USAs flyvåpen klar ein plan for utplassering av 696

kryssarvåpen på tre basar i Europa. Det viser amerikanske Kongressdokument. (US Congress, 1982. Hearings Before a Subcommittee of the Committee on appropriations. House of Reps.)

NATO's «dobbelvedtak» frå 1979 bestod av to delar: ein utplasseringsdel og ein forhandlingsdel. Begge hadde opphavleg, i alle fall for USA, som mål å føre til nye mellomdistanserakettar i Vest-Europa. I kommunikeet frå NATO-møtet blir utplasseringsdelen omtalt som «en moderniseringsbeslutning, som også inneholder en forpliktelse til utplassering».

Forhandlingsdelen kom med på eit seint tidspunkt. Høgnivågruppa (High Level Group), som i 1979 gjekk inn for «modernisering» av mellomdistansevåpen i Vest-Europa, vart nedsett av NATO's Kjernefysiske Planleggingsgruppe i oktober 1977. I april 1979 vart det oppnemnt ei Spesialgruppe (Special Group), som skulle vurdere eventuelle rustingskontrollforhandlingar i samband med utplasseringsplanen.

I mellomtida hadde mye skjedd. Mangt er nok løynt bak grade-ringsstempla si togn. Ikkje så lite er likevel kjent gjennom amerikanske Kongressdokument og anna materiale, og viktige historiske hendingar er kjende for oss alle.

I 1977-78 reiste opinionen seg mot planane om å plassere nøytronvåpen i Vest-Europa. Motstanden var sterk, særleg i Vest-Tyskland, Nederland og Noreg. I desse landa fekk vi dei første vellykka kampanjer mot atomvåpen på over 15 år. USA trekte planane om utplassering av nøytronvåpen attende og utsette inntil vidare produksjonen av slike våpen.

For rustingsinteressene var motstanden eit nederlag, for oss ein siger. I USA, kanskje òg i Høgnivågruppa, var ein bekymra for marknadsføringa overfor opinionen av dei nye mellomdistansevåpna, kryssarvåpen og Pershing II.

Fyldige dokument frå forhistoria til «dobbelvedtaket» i 1979, offentliggjorde i den britiske vekeavisa *The Observer* 16. oktober i år, viser korleis USA førebudde ein grundig PR-kampanje for å vinne støtte for utplasseringsplanane. På eit møte i Guadeloupe i januar 1979 treftest Carter, Schmidt, Giscard d'Estaing og Callaghan for å drøfte spørsmålet om nye mellomdistanserakettar. Bak kulissene, fortel *The Observer*, arbeidde amerikanske embetsmenn for å dempe ein mogleg motstand i opinionen. «Dei tok i hovudsak det standpunkt at alt skulle gjerast for å kjøre 'ein open og brei debatt' ved å presentere for omverda omhyggeleg sam-

## Skjebner verre enn døden

ansett og samordna informasjon», seier avisa og refererer til dokumenta. I juni 1979 hadde ein ferdig ein plan for spreing av selektiv informasjon til opinionsdannarar som journalistar, akademikarar og politikarar for «å dempe all debatt og unngå at det oppstår ein diskusjon mellom tilhengjarar og motstandarar» — «temper any debate and avoid cultivation of partisan debating fora», som det står i dei amerikanske papira. Det problem ein stod andsynes, var demokratiets problem: «den offentlege debatts kompliserte natur i demokratiske statar», seier papira vidare.

Desse dokumenta viser òg at USA opphavleg ikkje ønskte å presentere dei nye raketane som først og fremst eit svar på Sovjets SS-20 rakettar. Dei ville i argumentasjonen legge hovudvekta på at dei nye raketane auka NATOs avskrekkingsevne og gav fleire svaralternativ i tilfelle sovjetisk åtak.

Den avgjerande løysinga på opinions-problemet var likevel forhandlingsdelen i «Dobbeltvedtaket»! Ifølgje Helmut Schmidt sprang «dobbeltvedtaket» hovudsakleg ut av diskusjonen på Guadeloupe (*Time* 31. oktober 1983). Allereie sommaren 1979, da planane for kryssarvåpen og Pershing II tok til å bli kjende, skreiv det amerikanske fagtidsskriftet *Aviation Week and Space Technology* at forslaget om forhandlingar var mynta på opinionen i Vest-Europa, det var ein freistnad på å «selje» dei nye atomraketane i Europa. Seinare har dette blitt stadfesta av andre kjelder.

I Interimrapporten frå Den Nordatlantiske Forsamling til USAs Senat i desember 1981 heiter det såleis: «Hausten 1978 uttrykte fleire regjeringar uro over at NATO konsentrerte seg om ei våpenløysing («hardware» solution) på problemet om mellomdistansevåpen utan å ta omsyn til rustingskontroll. Utan rustingskontroll ville det vere

vanskeleg å oppnå befolkningens støtte for modernisering.»

Det Internasjonale Institutt for Strategiske Studier (IISS) i London seier likeeins at formålet med forhandlingsdelen, som instituttet seier vart pressa fram av vest-europeiske regjeringar, var å berolige den heimlege motstanden mot NATOs moderniseringsprogram. Instituttet seier vidare: «For USAs vedkomande syntest rustingskontroll vere den mest lovande metoden for å gjenvinne politisk støtte for NATOs kontroversielle program for modernisering av teater-atomvåpen.» (*Strategic Survey* 1981-82).

For USA var såleis meininga heile tida at nye mellomdistansevåpen skulle utplasserast og at forhandlingsdelen i «dobbeltvedtaket» skulle medverke til det.

Da NATO 12. desember 1979 vedtok å utplassere 572 nye mellomdistansevåpen, var talet valt fordi USA frykta det kunne bli redusert. I Interimrapporten heiter det: «Talet var stort nok til å gi spelrom for reduksjonar ved rustingskontroll» (s. 15). Johan Jørgen Holst, med Brzezinski som kilde, har gjort greie for dette: «Høgnivå-gruppa, som vurderte behovet for utplassering i NATO, konkluderte med å foreslå eit felt på 200—600 rakettar. Det endelege talet på 572 vart i røynda avgjort av Washington og fastsett av Den militære sjefsstaben med støtte av den nasjonale sikkerhetsrådgjevar Zbigniew Brzezinski, som ottast at talet kunne bli redusert av NATO eller som resultat av forhandlingar med Moskva.» («Lilliputs and Gulliver». NUPI-notat nr. 266-B, april 1983.)

Viljen til utplassering vart ikkje mindre under Reagan-administrasjonen. Og i Den Nordatlantiske Forsamling vart ein etter kvart bekymra over at ein hadde lagt for stor vekt på forhandlingsdelen i «dobbeltvedtaket» — folk fekk inntrykk av at målet var nedrusting og at dei nye raketane kunne bli

overflødige. Interimrapporten frå desember 1981 seier såleis: «For befolkningen har NATO-vedtaket sine tvitydige målsettingar skapt ein viss grad av misforståing. Heile samanhengen mellom modernisering og rustingskontroll har ikkje blitt klart forstått. I somme land har vektlegginga på rustingskontroll skapt det inntrykk at forhandlingar kan løyse utplasseringsproblemet». — Og det var altså ikkje meininga!

USAs forslag i INF-forhandlingane i Genève (som først kom i gang etter nærmare to års ventetid) har hatt som formål å sikre utplassering av nye amerikanske rakettar. Da NATOs Spesial-gruppe vart nedsett i april 1979 for å vurdere forhandlingsforslag, var det i gruppa semje om at det ville vere urealistisk å krevje demontering av alle Sovjets SS-20 rakettar. (Dokumenta offentleggjorde i *The Observer* viser elles at USA i 1978 rekna med at Sovjet ved midten av 80-åra ville ha 200 SS-20 rakettar i dei vestlege delane av Sovjetunionen.) Spesial-gruppa trudde ikkje at Sovjet ville ta dette forslaget alvorleg, og den meinte opinionen i NATO-landa ville sjå på eit slikt framlegg som eit «kalkulert og gjennomskodeleg forsøk på å legitimere nye NATO-utplasseringar ved å tvinge Sovjet til å motsette seg eit slikt vestleg tilbod». (Draft General Report of the Security of the Alliance. The Role of Nuclear Weapons, N. Atl. Assembly 1979.)

Likevel vart dette Reagans forslag i november 1981. Som forskar Svein Melby ved NUPI (og mange andre) har peika på, var forslaget truleg «i første rekke et utspill for å komme på offensiven overfor den voksende motstand i Vest-Europa mot TNF-utplasseringen». (*Internasjonal Politikk*, 4B, 1981.)

Berre stutt tid før Reagan la fram sitt «null-forslag», sa Interimrapporten frå Den Nordatlantiske Forsamling: «Målet med å få

akseptert 'null-ønskeleg, men å plassere an modernisering (s. 24).

Ein fremja visste var uretable, for å sikre rakettar. Reag frå mars i år vlest som «null-parallell-skauv begge paratar. er teknologisk enn SS-20, kan forslaget var enn «null-løys gan-administr målet framleis nok også måle gjering. Det e gjeringa skulle formålet me var utplasserin var eit formål forhandlingsf i stand ned SS-20 rakettar mindre viktig nye mellomdis Europa.

At det hos karar i Vest-E høve til å sette kunne finnast interesser bak lingsdelen av endrar ikkje ovanfor. Tver forhandlingsd «forhandlinga mogleg å for plassering sta vart bygde, Sovjet svara sjonen var fa interessene va har, når dette eit delmål: De der. Men dei høg pris: De den sterkaste etterkrigstid, seg til USA og Aust-Europa, kan ikkje leng

rimrapporten frå  
ier såleis: «For be-  
NATO-vedtaket  
settingar skapt ein  
isforståing. Heile  
mellom modernise-  
kontroll har ikkje  
tt. I somme land  
på rustingskon-  
trykk at forhand-  
utplasseringspro-  
det var altså ikkje

i INF-forhand-  
(som først kom i  
re to års ventetid)  
mål å sikre ut-  
amerikanske ra-  
Os Spesial-gruppe  
il 1979 for å vur-  
forslag, var det i  
at det ville vere  
e demontering av  
raketar. (Doku-  
orde i *The Ob-*  
at USA i 1978  
et ved midten av  
SS-20 raketar i  
ane av Sovjet-  
l-gruppa trudde  
ille ta dette for-  
den meinte opi-  
nda ville sjå på  
om eit «kalkulert  
eg forsøk på å  
NATO-utpasse-  
ge Sovjet til å  
t vestleg tilbod».  
ort of the Secu-  
e. The Role of  
N. Atl. Assem-


te Reagans for-  
81. Som forskar  
UPI (og mange  
å, var forslaget  
te et utspill for å  
ven overfor den  
i Vest-Europa  
ingen». (*Inter-*  
B, 1981.)

før Reagan la  
lag», sa Inter-  
Den Nordatlan-  
Målet med å få

akseptert 'null-løysinga' som eit  
ønskeleg, men usannsynleg mål, er  
å plassere ansvaret for NATOs  
modernisering på Sovjetunionen»  
(s. 24).

Ein fremja altså forslag som ein  
visste var urealistiske og uaksep-  
table, for å sikre utplassering av nye  
raketar. Reagans «mellomløysing»  
frå mars i år var skoren etter same  
lest som «null-løysinga», den berre  
parallel-skauv grensa oppover for  
begge partar. Ettersom Pershing II  
er teknologisk langt meir avansert  
enn SS-20, kan ein jamvel hevde at  
forslaget var enda meir urealistisk  
enn «null-løysinga». For Rea-  
gan-administrasjonen var såleis  
målet framleis utplassering. Det var  
nok også målet for den norske re-  
gjeriing. Det er lite tenkeleg at re-  
gjeriinga skulle vere uvitande om at  
formålet med «dobbelvedtaket»  
var utplassering, og at dette også  
var eit formål med dei urealistiske  
forhandlingsforslaga i Genève. Å få  
i stand nedbygging av Sovjets  
SS-20 raketar har openbert vore  
mindre viktig enn å få utplassert  
nye mellomdistanseraketar i Vest-  
Europa.

At det hos ein del parlamentari-  
karar i Vest-Europa (med lite tid og  
høve til å sette seg inn i spørsmåla)  
kunne finnast ekte nedrustings-  
interesser bak støtten til forhand-  
lingsdelen av «dobbelvedtaket»,  
endrar ikkje ved det som er sagt  
ovanfor. Tvert imot viser det at  
forhandlingsdelen lykkast: I ly av  
«forhandlingane» i Genève var det  
mogleg å føre arbeidet med ut-  
plassering stadig lengre — basar  
vart bygde, raketar produserte,  
Sovjet svara med mottiltak; situa-  
sjonen var fastlåst. For rustings-  
interessene var det meininga. Dei  
har, når dette blir lese, truleg nådd  
eit delmål: Dei første raketane står  
der. Men dei har nådd målet for ein  
høg pris: Dei har provosert fram  
den sterkaste folkerørsla i Europas  
etterkrigstid, og rørsla har spreidd  
seg til USA og i ein viss grad også til  
Aust-Europa. Rustingsinteressene  
kan ikkje lenger ture uhindra fram.



### *Rustingskontroll som vå- penkappløpets «ideologi»*

INF-forhandlingane er ikkje ei-  
neståande. Dei siste 20 år har  
forhandlingar og avtaler om  
«rustingskontroll» (i motsetnad til  
forhandlingar om nedrusting som  
ein gjekk bort frå på slutten av  
50-talet) vore ein integrert del av  
våpenkappløpet. Rustingskontroll  
har blitt ein del av den *ideologi* som  
held oppe og i ein viss monn  
straumlinjeformar våpenkappløpet.

Fleire faktorar har gjort at tid-  
legare forhandlingar og avtaler  
ikkje har vore i stand til å fremje  
*nedrusting*:

- a) Mens ein har forhandla på eitt  
felt, har våpenkappløpet halde  
fram uhemma på same og på andre  
område. («Lappeteppemetoden»)
- b) Overdriven vekt på kvantitativ  
og sektormessig «likevekt» har vore  
ei hindring for einsidige initiativ  
med sikte på gjensidig nedrusting.  
(«Talmagi»)

## Skjebner verre enn døden

c) Forhandlingar ut frå «styrke» — å ruste opp for å ruste ned — har naturleg nok ført til vidare opprusting. Nye våpensystem presenterte som forhandlingskort har alltid blitt ståande i arsenalane. («Forhandlingskort som marknadsføring»)


d) Når den eine sida er blitt rekna som den andre overlegen på eit område, har ein utjamna styrkeforholdet på eit høgare nivå, i staden for utjamning på lægste nivå. («Opprusting til symmetri»)

e) I fleire avtaler har det vore opningar for «kompensering». Ein har sett forbod mot visse våpen eller tiltak, men på ein slik måte at forbodet kunne kompenseras eller oppvegast ved andre rådgjerder. («Kompenserings-teknikken»)

f) Ein har sett forbod mot våpen og tiltak som har liten militær interesse, men latt andre passere. («Forbod mot det minst viktige»)

Dei fleste sentrale rustingskontroll-avtalene dei siste 20 år ber i seg eitt eller fleire av grunntraga ovanfor: Den delvise prøvestansavtalen (1963), SALT I (1972), SALT II (1979), Konvensjonen mot bakteriologiske våpen (1972), Treskelavtalen (1974), Havbotntraktaten (1971).

Den nye fredsrørsla forkastar «rustingskontroll» og krev nedrusting. Den forkastar tal-magien og forhandlingar ut frå «styrke», der nye våpen blir presenterte som forhandlingskort som skal presse motparten til nedrusting, men som naturleg nok blir ståande i arsenalane og stimulerer til vidare opprusting. I staden går den inn for einsidige (sjølvstendige) initiativ med sikte på gjensidig nedrusting: Noen må ta det første steg og bryte sirkelen, utan å vente på den andre part. Dei enorme mengder atomvåpen som finst på begge sider, gjer at ein kan foreta vesentlege nedskjeringar utan å sette sin eigen tryggleik i fare. Slike initiativ vil vise vilje til nedrusting, dei er ein invitasjon til andre partar om å følgje opp, og dei kan skape eit gunstig forhandlingsklima.



## Militære konsekvensar av utplassering

Det har vore gitt tre hovudargument av militærstrategisk art for utplassering av kryssarvåpen og Pershing II.

Det første går ut på at NATO i

Europa ikkje er i stand til å gjengjelde eit åtak frå Sovjet med stor nok styrke. Dei nye raketane skal gi slik styrke.

Det andre seier at USAs atomgaranti ikkje er truverdig i dag — at USAs storstrategiske atomvåpen ikkje vil bli sett inn utan at

NATO disponerer raketane. Dei vil bli kople inn USA.

Det tredje argumentet er at med det andre, må ha våpen som skrekke med på seg med eksplisitt nye raketane, vil bli begrensa på Europa utan for

Det første keargumentet er «Militærbalansen» av IISS i London. Europa etter gjengjelde med atomvåpen (spesielt lag 550 vil tre fram til Warszawa om lag 450 vil

— Det er ope for å gi motparten store skadar, ein etter militær stor nok gjeng

Det andre lingsargumentet er at je. Om USAs verdig, er om IISS viser at Europa finst i nefysiske (fly, ubåt-base) frå eller til g eller mindre sa bruke sine stor tilfelle åtak på

Det tredje sibelt svar- «avgrensa atc bygger på der forestilling at kontrollerast stemte nivå ramma av ato det elles til li sant) og argu motsette av tet». Avskrek nivå inneber kontrollerast ettersom avsl

NATO disponerer over dei nye raketane. Dei nye raketane skal kople inn USAs atomparaply.

Det tredje argumentet er i strid med det andre, og går ut på at ein må ha våpen å svare med/avskrekke med på ulike nivå, og dermed eksplisitt eller implisitt at dei nye raketane kan halde atomkrig begrensa på eit bestemt nivå i Europa utan full opptrapping.

Det første argumentet («styrkeargumentet») held ikkje. Etter *Militærbalansen 1981-82*, utgitt av IISS i London, kan NATO i Europa etter eit sovjetisk åtak gjengjelde med nærmare 1200 atomvåpen (sprengladningar). Om lag 550 vil trenge gjennom og nå fram til Warszawapakt-området, om lag 450 vil eksplodere i Sovjet.

— Det er openbert meir enn nok for å gi motparten heilt uakseptable skadar, med andre ord har ein etter militær logikk meir enn stor nok gjengjeldingsevne.

Det andre argumentet («koplingsargumentet») held heller ikkje. Om USAs atomgaranti er truverdig, er omstridt. Men tala frå IISS viser at det allereie i Vest-Europa finst store mengder kjernefysiske mellomdistansevåpen (fly, ubåt-baserte rakettar). Noen frå eller til gjer det korkje meir eller mindre sannsynleg at USA vil bruke sine storstrategiske våpen i tilfelle åtak på Vest-Europa.

Det tredje argumentet («fleksibelt svar-argumentet» eller «avgrensa atomkrig-argumentet») bygger på den relativt urealistiske forestilling at ein atomkrig kan kontrollerast og avgrensast til bestemte nivå (for dei som blir ramma av atomkrigen, Europa, er det elles til lita trøyst om det var sant) og argumentet er det stikk motsette av «koplingsargumentet». Avskrekking på eit bestemt nivå inneber at atomkrig kan kontrollerast på dette nivået, ettersom avskrekking føreset at

ein har evne og vilje til å bruke våpna. Det finst elles atomrakettar på dette nivået frå før i Europa, 400 stridshovud på ubåt-baserte Poseidon-rakettar som er stilt til disposisjon for NATOs øvstkommanderande i Europa (SACEUR).

Ein bør merke seg at med unnatak av det første argumentet, som USA var skeptisk til før «dobbelvedtaket» i 1979, er argumenta uavhengige av eksistensen og mengda av sovjetiske SS-20 rakettar. Legg ein vekt på dei to siste argumenta, kan såleis raketane ikkje forhandlast bort. Og det var som sagt heller ikkje meininga.

At dei militære argumenta ikkje held, og at dei motseier seg sjølve, bør elles ikkje forundre. Våpenkappløpet er i sine grunndrag eit irrasjonelt fenomen. Ikkje berre undergrev det partanes erklærte mål — tryggleik — og er såleis uttrykk for manglande føremålsrasjonalitet. Militære doktriner og scenario synest også ofte kvile på premisser som er meir enn tvilsame — t.d. ei overdriven tiltru til at ein kan kalkulere både eins eiga og motpartens åtferd og funksjonsevne i ein atomkrig. Og argumenta for nye våpen er tilpassa det som er politisk og opinionsmessig gangbar mynt. Her er det mye materiale å studere for kunnskapssosiologar. (Eit av dei siste studieobjekt er krumspringa i argumentasjonen for MX-raketten.)

Det er ofte ikkje slik at militære planleggarar først peikar på eit veldefinert behov i tryggingspolitikken og at ein deretter utviklar våpen tilpassa behovet. Snarare er det slik at nye våpen blir utvikla og at teknologien skaper argumenta og militærdoktrinene.

Dei militære konsekvensane er ikkje dei målsettingar som dei offisielle argumenta for raketane har framheva. Argumenta er uholdbare og er helst å sjå på som «ideologi», tankemønster som tilslørar røyndomen og tener til å

rasjonalisere ei gruppes åtferd, i dette tilfellet rustingsinteressene.

Ifølgje dei offisielle argumenta skulle dei nye amerikanske raketane føre til betre tryggleik. Det har vore argumentasjonen heile tida i våpenkappløpet, men gradvis har våpenkappløpet skapt mindre tryggleik for både store og små statar. Resultatet i dette tilfellet, som fredsrørsla har åtvara mot frå første stund, er det motsette av tryggleik: *destabilisering av den militære situasjonen i Europa, stimulans til vidare opprusting hos motparten, vanskar med våpenkontroll.*

### Politiske konsekvensar av utplassering

Våpenkappløpet blir i vesentleg grad drive framover av indre, autistiske drivkrefter knytta til rustingskompleksa i Vest og i Aust. Desse kompleksa er eit firehovda vesen av forskarar, generalar, byråkratar og industrifolk som er knytta til institusjonar som har kortsiktig interesse av vidare rusting. Med rot i rustingskompleksa veks det fram «ideologiar» som har som funksjon å halde kompleksa ved lag, og dermed våpenkappløpet ved lag. Desse kompleksa får ekstra næring frå konflikt og spenning Aust—Vest, og dei medverkar i sin tur til Aust—Vest-konflikten. Ein viss kult av fiendebilde er nødvendig, enten dei er realistiske eller ikkje.

Samstundes som USA og Sovjet har motstridande interesser i denne konflikten, har dei òg i etterkrigstida hatt klare felles interesser i å halde konflikten ved lag. Konflikten medverkar til halde deira dominanssystem i Europa ved lag, i Sovjet bidrar konflikten truleg òg til indre einskap og «disiplinering». Det begge partar har opplevd den siste tida, er at opprustinga og kald-krig-ideologi har skapt til dels djupe motsetnader innanfor deira eigne dominanssystem. Rakettsaka har kalla fram noen av dei sterkaste

## Skjebner verre enn døden

konflikter hos befolkningen i dei vest-europeiske land, og i ein viss grad mellom store befolkningsgrupper i Vest-Europa og den amerikanske regjering. I Aust-Europa har det særleg i DDR og Ungarn vakse fram ein uavhengig opinion for atomnedrusting, og m.a. spørsmålet om Warszawapaktas eventuelle mottiltak mot USAs utplassering i Vest-Europa, har i Warszawapakta det siste halvåret skapt usemje mellom regjeringar og dels innanfor partihierarki.

Utplassering av nye amerikanske mellomdistanseraketar vil truleg skjerpe motsetnadene i Vest-Europa ytterlegare. Korleis motiltak frå Sovjes side vil påverke indre konflikter i Warszawapaktland, er det vanskelegare å forutseie. Men innanfor den «uavhengige fredsrørsla» i DDR (som går mot utplassering av nye atomvåpen i sitt eige land) kan ein finne til dels sterk otte for indre-politisk tilstramming og undertrykking. Utplassering av amerikanske raketar kan gjere dei uavhengige gruppenes stilling vanskelegare.

Kulten av fiende-bilda vil bløme. Men i kva grad ein kan rekne med konsolidering av dominanssystema, og særleg i Vest, kan vere uvisst.

Både i Storbritannia og Vest-Tyskland kan dei indre motsetnadene bli skjerpa. «Vi går i vårt land dei hardaste konfrontasjonstider i møte,» sa historikaren E. P. Thompson på eit møte mellom vest-europeisk og amerikansk fredsrørsla i London i oktober. «Vi vil få ein demokratidebatt og fremveksten av ein debatt om NATO-medlemskapet,» sa ein leiande vest-tysk representant på same møtet. Observatørar peikar på at otten for auka spenning og ny opprusting har aktivert slektskapskjensla blant befolkningen i dei to tyske statane, trass i ulike politiske system. «Utplassering av kryssarvåpen i Comiso på Sicilia, med større delar av Afrika og Midt-

Austen innanfor rekkevidde, gjer at stadig fleire vil stille spørsmål ved NATOs rolle i høve til den tredje verda,» sa ein italiensk representant på møtet. Representantar for den amerikanske «frys»-rørsla, som det siste året har arbeidd hardt for å stogge dei nye atomraketane, gjorde det klart at dei vil halde fram med å presse for stans til tida måtte vere mogen.

I alle høve blir utplassering ein Pyrrhos-siger for atomvæpnarane. Regjeringar vil tape folkeleg tillit. I somme land vil det bli ei stor påkjenning for dei politiske systema. Oppslutningen kring fredsrørsla vil vekse fram til neste krossveg. Det blir tydelegare for stadig fleire at fredsrørsla er den avgjerande motvekt mot dei rustingskrefter som regjeringane er i ferd med å sleppe laus.

### Fredsrørsla og vegane framover

I åra som kjem, står vi andsynes den mest omfattande opprusting verdshistoria har vore vitne til. For fredsrørsla må svaret på dette vere atomvåpenstans («frys», «fastfrysing» av atomvåpen). Arbeidet er allereie i full gang. Atomvåpenstans er grunnlaget for den sterke amerikanske rørsla (The Nuclear Weapons Freeze Campaign). Eit forslag om atomvåpenstans som vart fremja av Sverige, Mexico og Ecuador i FN i november—desember i fjor, vart vedtatt med 119 røyster mot 17.

Atomvåpenstans vil seie stans i *prøving, produksjon og utplassering* av nye atomvåpen og leveringsmiddel.

Det er viktig å merke seg at atomvåpenstans er eit utgangspunkt for omfattande *nedrusting*. Ein slik stans vil gi eit gunstig utgangspunkt for nedbygging av atomvåpen. Stans i prøving, produksjon og utplassering inneber ikkje at våpenlagra skal bli ståande på det nivå dei har i dag. Stans er her ei punkt-handling (ikkje ein

tilstand), og *parallelt* med arbeidet for ein snarleg atomvåpenstans må gå arbeid for nedbygging.

Fredsrørsla sine forslag og omgrep må stette tre grunnleggande krav: Dei må vere militært og politisk heilt sentrale (gripe avgjerande trekk i våpenkappløpet), dei må vere klare (slik at dei ikkje blir utvatna og forvrengde av atomvæpnarane), og dei må vere enkle (for å ha mobiliserande verknad).

Forslaget om umiddelbar atomvåpenstans tilfredsstiller desse vilkåra. Det grip til kjernen i våpenkappløpet (veikskapen er at det ikkje tar med forskning, pga. vanskaner med verifikasjon eller kontroll). Forslaget er klart og enkelt: stans i prøving, produksjon og utplassering. Fordi forslaget er enkelt, kan det også i hovudsak gjennomførast ved sjølvstendige erklæringer, utan ein tidkrevjande og bremsande forhandlingsprosess. Visse sider ved kontroll av produksjon, og somme definisjonar, vil kanskje måtte klargjerast gjennom diplomati og samtalar, men det avgjerande kan gjennomførast ved moratorium eller sjølvstendige erklæringer.

Forslaget om atomvåpenstans har allereie sterk støtte i Noreg, i befolkningen og politiske parti. Ei meningsmåling nyleg viser at 80 pst. av befolkningen går inn for «å forby utprøving, produksjon og utplassering av flere atomvåpen på begge sider» (*Arbeiderbladet*, 31. oktober). Å gå inn for atomvåpenstans vil for Noreg seie absolutt motstand mot vidare utplassering av nye atomvåpen i det europeiske området, støtte til FN's arbeid for atomvåpenstans, press på atommaktene. For fredsrørsla i Europa vil arbeid for atomvåpenstans også vere ei solidarisering med den amerikanske rørsla, som har støtta oss i motstanden mot euro-raketane. Warszawapaktland har gått inn for atomvåpenstans, og m.a. støtta det svensk-meksikanske

framlegg  
og nagle

For M  
atomvåpe  
esse og b  
vårt nær  
vere den  
dei sjø-  
tane i  
våpna, sa  
tiltak og  
elles i no  
nordområ  
opprustin

Ei a  
fre  
arb  
atomvåpe  
skapande  
ein nedrus  
godt i gar  
har spela  
har fått d  
greske in  
våpenfri  
kommissjo  
atomvåpen  
Europa, o  
batt i Belg

Den n  
skapt eit f  
beid gjen  
sams forst  
Reykjavik  
omfattar  
Finland, I  
lereie i fe  
heile Euro  
arbeidet f  
og samtal  
Norden og  
på konfer  
atomvåpen  
1981—82,  
samla un  
grunnlag f  
heime.

Mot  
dei får ro  
første fase  
Etter plan  
halde fram

med arbeidet  
våpenstans må  
gging.

forslag og om-  
grunnleggande  
militært og poli-  
tiske avgjerande  
spørsmål, dei må  
ikkje blir ut-  
trykt av atom-  
våpenstans må  
vere enkle  
og verknad).

Utdelbar atom-  
våpenstans vil  
eller desse vil-  
korene i våpen-  
stansen er at det  
er, pga. vans-  
kelegheit eller kon-  
fliktart og enkelt-  
tiltak og ut-  
trykket er enkelt,  
saksak gjen-  
vendige erklær-  
ingskravjande og  
utviklingsprosess.  
Utdelbar av produk-  
sjonsplanar, vil  
våpenstans gjennom-  
førast, men det  
førast ved  
sjølvstendige

atomvåpenstans  
i Noreg, i  
ske parti. Ei  
viser at 80  
år inn for «å  
produksjon og  
atomvåpen på  
erbladet, 31.  
atomvåpen-  
stans absolutt  
utplassering  
et europeiske  
s arbeid for  
på atom-  
våpenstans i Europa  
våpenstans også  
med den  
n har støtta  
euro-raket-  
stans har gått  
s, og m.a.  
meksikanske

framlegget. Vi bør ta dei på ordet  
og nagle dei til forslaget.

For Noreg har forslaget om  
atomvåpenstans umiddelbar inter-  
esse og betydning for utviklinga i  
vårt nærområde. Det kan vise seg å  
vere den viktigaste måten å stoppe  
dei sjø- og flybaserte kryssarraket-  
tane i Nord-Atlanteren. Desse  
våpna, saman med sovjetiske mot-  
tiltak og den militære utviklinga  
elles i nord, kan vere med å gjere  
nordområda til eit av dei farlegaste  
opprustingsområda i Europa.

**E**i anna hovudoppgåve for  
fredsrørsla i tida framover er  
arbeid for *traktatfesta*  
*atomvåpenfrie soner* — som tillits-  
skapande tiltak og som bidrag til  
ein nedrustingsprosess. Arbeidet er  
godt i gang, og den norske rørsla  
har spela ei viktig rolle i så måte. Vi  
har fått den nordiske debatten, det  
greske initiativet for ein atom-  
våpenfri sone på Balkan, Palme-  
kommisjonens framlegg om ein  
atomvåpenfri korridor gjennom  
Europa, og vi har ein gryande de-  
batt i Belgia og Nederland.

Den nordiske fredsrørsla har  
skapt eit felles grunnlag for sitt ar-  
beid gjennom utarbeidinga av ein  
sams forstudie, som vart lagt fram i  
Reykjavik i april i år. Forslaget  
omfattar Noreg, Sverige, Danmark,  
Finland, Island og Færøyane. Al-  
lereie i februar møtest rørsler frå  
heile Europa i Athen for å drøfte  
arbeidet for atomvåpenfrie soner,  
og samtalene mellom rørsle i  
Norden og på Balkan vil stå sentralt  
på konferansen. I Noreg er Nei til  
atomvåpens underskriftsaksjon frå  
1981—82, med over 540 000 inn-  
samla underskrifter, eit godt  
grunnlag for det vidare arbeidet her  
heime.

**M**otstanden mot euro-ra-  
kettane vil halde fram.  
Dei politikarar som trur  
dei får ro, tar feil. Det er berre  
første fase i saka som nå er avgjort.  
Etter planane skal utplasseringa  
halde fram til 1988. Kryssarvåpen





blir plasserte i Storbritannia nå, Pershing II i Vest-Tyskland. I mars—april skal kryssarvåpen vere på plass i Comiso på Sicilia. Ut-plassering av kryssarvåpen skal etter planane byrje i Vest-Tyskland i 1985. Til saman skal det da vere utplassert 160 kryssarar og Pershing II, ifølgje høyringar i Kongressen for budsjettåret 1982. I 1988 skal alle 464 kryssarvåpna vere på plass. I mellomtida kan mye skje. Nederland tar stilling til utplassering på sitt territorium først våren 1984, det same blir kanskje tilfelle for Belgia. Resultatet er framleis uvisst. Samstundes er det klart at den kapprusting som nå ser ut til å bli sleppt laus i Europa, og den indre dynamikken i rustingskappløpet, kan føre til forslag om nye utplasseringar og nye trekk vi vanskeleg kan forutseie i dag. Men dei skremmande perspektiv som opnar seg, kan og gi motstanden enda større oppslutnad, og nye situasjonar kan oppstå.

Mens vi i Tyskland kan vente ein debatt om NATO-medlemskapen, står det fast at Nei til atomvåpen ikkje tar stilling til dette spørsmålet, berre til NATOs *atompolitikk*. Dette er noe av vår styrke, og dette er det mandat vi har fått frå dei

store befolkningsgrupper som støt oss. Derimot må nedbygging av supermaktsdominans vere eit mål: norske styresmakter må ha mot, styrke og fornuft til å hevde og gjennomføre standpunkt også når dei går Pentagon og Det kvite huset rett imot. Sjølvstendige initiativ er eit grunndrag i ein strategi for atomnedrusting. På same måte må vi ønske at allierte i Warszawapakta har styrke til å hevde standpunkt når dei går Kreml imot — noe somme av landa openbert har gjort tidligere i haust.

### *Atomvæpnaranes mottiltak*

**A**tlanterhavsalliansen har gjennomlevd eit av dei hardaste, mest uthaldande og mest på-nippet-vellykka åtak i si historie. Striden med opinionen er ikkje over, sjølv om dette slaget kanskje har nådd sitt høgdepunkt, seier Grethe Værnøe i *NATO Review* 3-4, 1983, og lar vere å skilje mellom åtak på *NATO som allianse* og åtak på NATOs — og Warszawapaktas — *atompolitikk*. «Anti-NATO-krefter vil kunne bruke det territorium dei har vunne som plattform for det neste angrep der-

som vi ikkje konsentrerer oss om langt meir medvite å formidle tryggingspolitikken. Vi må analysere kvifor 'fredsrørsla' har vunne så brei støtte, og utarbeide ein strategi som er omhyggeleg utforma for å samle ein brei majoritet av befolkningen bak alliansen,» seier ho og fører framleis til torgs den forestilling at den nye fredsrørsla er ei anti-NATO-rørsla. *Det er og blir usant!* Hennar konklusjon er: «Behovet for ein strategi overfor opinionen er like presserande som behovet for ein militærstrategi.»

Så kva ventar oss? — Nye PR-tiltak i kulissene, nye Guadeloupe-møte, nye planer for «å dempe all debatt og unngå at det oppstår ein diskusjon mellom tilhengarar og motstandarar», fleire mottiltak mot «den offentlege debatts kompliserte natur i demokratiske statar», nye «dobbelvedtak» med rustingskontroll som kamuflasje og spel for galleriet?

Forsøka kjem nok. Dei er der allereie i samband med moderniseringa av taktiske atomvåpen. Det kjem fleire. Men vi er betre budde. Vi skal gjere vårt beste til at «dobbelvedtaket» si historie ikkje så lett lar seg gjenta!

**I** etterkrigs-greper: nøytralisering mest skjellso- uklare klisjeer får det enda s- skurkaktig o- USA vært ras- torien har vis- umulighet, og- er særlig farlig- verdensfreden-

Begrepene i- riens roteskul- arkist, pasifis- mistisk; «dem- bra skjellsore- keiser Franz J-

Nøytralitet- begrep som- som oppstår- stater og en- deltar i krig- keretten er at- behandle de- de krigførend- nøytrale stats- førende kan- krenkelser, d- nøytraliteten.

Nøytralis- som er oppst- denskrig. Det